



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	19.04.2016	043/16
Etne kommunestyre	03.05.2016	031/16

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Odd Inge Vestbø	N - 700	16/836

INNSPEL FRÅ ETNE KOMMUNE TIL FRAMLEGG TIL NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018 - 2029

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune ber om at prosjektet E134 Bakka – Solheim vert prioritert i NTP-perioden 2018 – 2029. Grunngevinga for dette er at det er kalkulert med ca 30% auke i trafikkgrunnlaget i perioden, og eksisterande E134 på strekka mellom Bakka og Solheim har fleire flaskehalsar som ikkje vil tåle slik auke.

Trafikktilhøva gjennom Etne sentrum vert livsfarleg og utåleleg, mellom annan fordi det manglar samanhengande fortau på begge sider.

Etnesjøen har vorte eit viktig regionalt handelsknutepunkt med særleg stor helgetrafikk. Dette har også samanheng med store hyttefelt med skianlegg i kommunane aust for Etne. Etne har også fleire store årlege arrangement i sentrum – t.d. Etnemarknaden, Etne Cup m.fl.

19.04.2016 Formannskap

Følgjande framlegg vart lagt fram frå Arbeiderpartiet:

"Etne kommune legg til grunn full satsing på E 134 slik Statens vegvesen foreslår i aust-vest utgreiinga.

- Etne kommune ber om at prosjektet E134 Bakka – Solheim vert prioritert i NTP-perioden 2018 – 2029. Kommunedelplanen på om lag 40 km, for E134 på strekka Bakka i Etne kommune i Hordaland og Solheim i Vindafjord i Rogaland, er nyleg godkjend. Arbeidet vart forsert for å kunne inkluderast i NTP 2018-2029.*
- Etne kommune ber om at traseen Seljestad-Vågslid blir prioritert i NTP med tunnel Seljestad- Røldal først. Dette er ei viktig klima og miljøatsing.*
- Etne kommune støttar KVVU for diagonal til Bergen slik Statens vegvesen peika på i aust-vest utgreiinga. KVVU skal leggje til grunn Sunnhordlandsdiagonalen (via Etne/Kvinnherad/Tysnes) og Hordalandsdiagonalen (via*

Odda/Jondal/Kvam) slik at ein får eit kunnskapsbasert grunnlag for prioriteringane vidare.

Bakka-Solheim er ein viktig strekning å byggje ut med tanke på auken i trafikk som Rogfast vil føre til. Det er kalkulert med ca 30% auke i trafikkgrunnlaget i perioden, og eksisterande E134 på strekka mellom Bakka og Solheim har fleire flaskehalsar som ikkje vil tåle slik auke. Trafikktilhøva gjennom Etne sentrum vert livsfarleg og utåleleg, mellom annan fordi det manglar samanhengande fortau på begge sider. Etnesjøen har vorte eit viktig regionalt handelsknutepunkt med særleg stor helgetrafikk. Dette har også samanheng med store hyttefelt med skianlegg i kommunane aust for Etne. Etne har også fleire store årlege arrangement i sentrum – t.d. Etnemarknaden, Etne Cup m.fl. Etne kommune ber om realisering av Bakka-Solheim i NTP perioden."

RØYSTING:

Framlegg frå Arbeiderpartiet vart samøystes vedteke.

F- 043/16 Vedtak:

TILRÅDING FRÅ FORMANNSKAP TIL KOMMUNESTYRE: Samrøystes

Etne kommune legg til grunn full satsing på E 134 slik Statens vegvesen foreslår i aust-vest utgreiinga.

- Etne kommune ber om at prosjektet E134 Bakka – Solheim vert prioritert i NTP-perioden 2018 – 2029. Kommunedelplanen på om lag 40 km, for E134 på strekka Bakka i Etne kommune i Hordaland og Solheim i Vindafjord i Rogaland, er nyleg godkjend. Arbeidet vart forsert for å kunne inkluderast i NTP 2018-2029.
- Etne kommune ber om at traseen Seljestad-Vågsliid blir prioritert i NTP med tunnel Seljestad- Røldal først. Dette er ei viktig klima og miljøsatsing.
- Etne kommune støttar KVVU for diagonal til Bergen slik Statens vegvesen peika på i aust-vest utgreiinga. KVVU skal leggje til grunn Sunnhordlandsdiagonalen (via Etne/Kvinnherad/Tysnes) og Hordalandsdiagonalen (via Odda/Jondal/Kvam) slik at ein får eit kunnskapsbasert grunnlag for prioriteringane vidare.

Bakka-Solheim er ein viktig strekning å byggje ut med tanke på auken i trafikk som Rogfast vil føre til. Det er kalkulert med ca 30% auke i trafikkgrunnlaget i perioden, og eksisterande E134 på strekka mellom Bakka og Solheim har fleire flaskehalsar som ikkje vil tåle slik auke. Trafikktilhøva gjennom Etne sentrum vert livsfarleg og utåleleg, mellom annan fordi det manglar samanhengande fortau på begge sider.

Etnesjøen har vorte eit viktig regionalt handelsknutepunkt med særleg stor helgetrafikk. Dette har også samanheng med store hyttefelt med skianlegg i kommunane aust for Etne. Etne har også fleire store årlege arrangement i sentrum – t.d. Etnemarknaden, Etne Cup m.fl. Etne kommune ber om realisering av Bakka-Solheim i NTP perioden.

03.05.2016 Etne kommunestyre

K- 031/16 Vedtak:

Samrøystes

Etne kommune legg til grunn full satsing på E 134 slik Statens vegvesen foreslår i aust-vest utgreiinga.

- Etne kommune ber om at prosjektet E134 Bakka – Solheim vert prioritert i NTP-perioden 2018 – 2029. Kommunedelplanen på om lag 40 km, for E134 på strekka Bakka i Etne kommune i Hordaland og Solheim i Vindafjord i Rogaland, er nyleg godkjend. Arbeidet vart forsert for å kunne inkluderast i NTP 2018-2029.
- Etne kommune ber om at traseen Seljestad-Vågslid blir prioritert i NTP med tunnel Seljestad- Røldal først. Dette er ei viktig klima og miljøatsing.
- Etne kommune støttar KVVU for diagonal til Bergen slik Statens vegvesen peika på i aust-vest utgreiinga. KVVU skal leggje til grunn Sunnhordlandsdiagonalen (via Etne/Kvinnherad/Tysnes) og Hordalandsdiagonalen (via Odda/Jondal/Kvam) slik at ein får eit kunnskapsbasert grunnlag for prioriteringane vidare.

Bakka-Solheim er ein viktig strekning å byggje ut med tanke på auken i trafikk som Rogfast vil føre til. Det er kalkulert med ca 30% auke i trafikkgrunnlaget i perioden, og eksisterande E134 på strekka mellom Bakka og Solheim har fleire flaskehalsar som ikkje vil tåle slik auke. Trafikktilhøva gjennom Etne sentrum vert livsfarleg og utåleleg, mellom annan fordi det manglar samanhengande fortau på begge sider.

Etnesjøen har vorte eit viktig regionalt handelsknutepunkt med særleg stor helgetrafikk. Dette har også samheng med store hyttefelt med skianlegg i kommunane aust for Etne. Etne har også fleire store årlege arrangement i sentrum – t.d. Etnemarknaden, Etne Cup m.fl. Etne kommune ber om realisering av Bakka-Solheim i NTP perioden.

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Hordaland Fylkeskommune ber om eventuelle innspel til NTP innan 4.juli 2016, og for Etne kommune sin del er påkravd å få retta merksemda mot den farlege og usikre delen av E134 gjennom kommunen og særleg gjennom Etne sentrum.

Problemstilling

Kommunedelplanen for E134 på strekka Bakka i Etne kommune i Hordaland og Solheim i Vindafjord i Rogaland, er nyleg godkjend. Arbeidet vart forsert for å kunne inkluderast i NTP 2018-2029.

Dette har ikkje skjedd så langt, og vi er svært skuffa over dette. Forventningane var store til at dette prosjektet i alle fall ville få planleggingsmidlar slik at eventuell oppstart av anleggsarbeid kan skje i neste planperiode.

Vurdering

Rogfast er planlagt å stå ferdig i 2024, og i prognosane for dette prosjektet er det kalkulert med ca. 30% auke i trafikken over Bokn. Etne kommune vil få sin del av same grunnlaget, og det vert lagt til grunn tilsvarande auke i trafikkgrunnlaget for E134. Trafikkmengda er også aukande uavhengig av Rogfast.

Dette vil føre til auka risiko for ulykker for alle trafikantar på E134. Strekka av eksisterande E134 gjennom Etne kommune manglar gul stripe og store deler har nedsett fartsgrense. I tillegg er det fleire smale parti der møtande vogntog må stoppe heilt opp. Vi er redd for at dette vil føre til mange fleire farlege situasjonar og ulukker enn i dag.

Etnesjøen har vorte eit viktig regionalt handelsknutepunkt med særleg stor helgetrafikk. Dette har også samanheng med store hyttefelt med skianlegg i kommunane aust for Etne. Etne har også fleire store årlege arrangement i sentrum – t.d. Etnemarknaden, Etne Cup m.fl. Trafikkbiletet av gåande og køyrande er svært uoversiktlig i slike periodar.

Gjennom Haugalandspakken er aktuelle prosjekt i Etne kommune minimale. Dei einaste som er registrerte der er opprusting av Mørkelikrysset vest for Etne og ca. 400m fortau langs E134 gjennom Etne sentrum. Desse er lanserte som trafikksikringsprosjekt via sekkepostar i Haugalandspakken.

Dette er svært viktige prosjekt for trafikksikring gjennom Etne kommune.

Etter sakshandsamar si meining er det vesetleg at desse prosjekta vert gjennomført før trafikkauke frå Rogfast i 2024 vert ein realitet.

Nedafor er tatt inn ein tabell henta frå høyringsutgåva av NTP 2018 - 2029

Tabell 34 Prosjektportefølje jernbane-, veg- og kystinvesteringar i perioden 2018–2029 basert på samfunnsøkonomi, samfunnsikkerhet og sammenhengende standard og utbygging – korridor 5 (mill. 2016-kr).

KORRIDOR 5	NN/B	Lav		Basis		Middels		Høy	
		Statlige midler	Annen finans.	Statlige midler	Annen finans.	Statlige midler	Annen finans.	Statlige midler	Annen finans.
Jernbane									
Dobbeltspor Stanghelle–Arna	-0,82					9 300		9 300	
R2027 Vossebanen	0,01			1 090		1 090		1 090	
Godstiltak	0,00					1 750		1 750	
Veg									
E134 Saggrenda–Elgsjø	0,09			1 300	700	1 300	700	1 300	700
E134 Strømsåstunnelen, nytt tunneløp	-0,01							800	800
E134 Årm til Husøy hamn	-0,65							270	
E134 Røldal–Seljestad	-0,88							3 500	900
E134 Vågsli–Røldal	-0,92							2 400	800
Rv 7 Svenkerud–Gol	-0,05							1 100	
E16 Ringveg øst, Arna–Vågsbotn	-0,27							1 900	2 000
Sum				2 390	700	13 440	700	23 410	5 200

*Netto nytte per budsjettkrone

Videre er det lagt til grunn statlige midler til å bygging av tunnel på E134 mellom Røldal og Seljestad i Hordaland samt starte byggingen av tunnel mellom Vågsli og Røldal i Telemark og Hordaland. Denne utbyggingen vil erstatte og korte inn dagens veg. I tillegg vil det bedre vinterregulariteten på fjellovergangen over Haukeli.

E134 Vågsli–Røldal

Prosjektet som ligger i Telemark og Hordaland, inngår i planene for ny vintersikker veg på en strekning av E134 over Haukeli for å styrke E134 som hovedvegforbindelse mellom Østlandet og Vestlandet. Vel halvparten av strekningen legges i tunnel.

E134 Røldal–Seljestad

Prosjektet som ligger i Hordaland, inngår i planene for ny veg på en strekning av E134 over Haukelifjell. Prosjektet vil styrke E134 som hovedvegforbindelse mellom Østlandet og Vestlandet. Nesten hele strekningen legges i tunnel.

Etter vår meining burde det vore med midlar til detaljplanlegging og bygging av E134 Bakka – Solheim i planperioden.

Saka er meint som vidare drøfting i Formannskap og evt. kommunestyret.

Saksgang:

Formannskapet
Kommunestyret

Utskrift til: Marte.Eriksrud@hfk.no,
Tenestetorget for utsending av særutskrift